

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 15.04.15 kl.19.00-21.30.

Til stades: Sigmund Eiken, Gunnar Dalseth, Kaia Gulbrandsen, Kenneth Vikane, Sonja Irene Skarde, Ria Haase, Marta Bergstø.

Sak 1: Godkjenning av innkalling til styremøte, og referat frå Årsmøte. Ingen Merknader.

Sak 2: Konstituering av nytt styre:

Leiar : Sigmund Eiken (vald på årsmøtet)  
Nestleiar : Kaia Gulbrandsen  
Kasserar : Gunnar Dalseth  
Skrivar : Marta Bergstø  
Styremedlemmer : Sonja Irene Skarde, Kenneth Vikane, Ria Haase.

Gunnar Dalseth er ansvarleg for utleige av lokala i Herand Kulturhus.

Årsmøtet valde desse varamedlemmene:

1.vara : Tone Margrethe Belsnes; ho vert innkalt til alle styremøter  
2.vara : Marit Huus  
3.vara : Jan Tore Huus  
4.vara : Arjen L.H. Stolk

Bygdelaget sine representantar i andre styrer:

Herand Omsorgsbustader : Sonja Irene Skarde  
Styret for Herand Aktiesagbrukslag : Johan Haugen  
Årsmøtere representant : Kenneth Vikane  
Bladstyret for Herand Bygdeblad : Kaia Gulbrandsen  
Varastyremedlem for Frivilligsentralen i Jondal : Sidsel Haugen  
Ansvar for [www.herand.no](http://www.herand.no) : Sigurd Johannes Traa

Sak 3: Dugnaden 2015:

Fordeling av arbeidsoppgåver for styremedlemmer på dugnadsdagen 25.04.15.

Sigmund refererte frå samarbeidsmøtet han hadde med representantar for lag og organisasjonar i forkant av styremøtet.

Kaia har ansvar for plakatar og publisering på [www.herand.no](http://www.herand.no).

Sak 4: Vår – sommar aktivitetar:

Bygdelaget har ansvar for tømning av boss og vatning av blomar i krukkene rundt omkring i bygda. Me set opp ein rulleringsplan på neste styremøte.

**Herandshelg 4. og 5. juli :**

Samarbeidsmøte med leiarane i alle lag og organisasjonar i bygda, pluss **andre interesserte** **tysdag 28.april kl.19.00 på kjøkenet i Herand Kulturhus.**

Sak 5: Uttalelse angående samfunnsdelen av kommuneplanen.

Utsett til neste styremøte 19.05.15. Samtlege styremedlemmer les gjennom planen til då.

Sak 6: Status båtbyggarnaustet.

Herand Bygdelag har enno ikkje fått signal frå Norsk Kulturminnefond om dei har tildelt oss midlane me har søkt om. Difor må me utsetja igangsetting av prosjektet til me veit om og når me får pengar til det.

EVENTUELT :

-Herand Pensjonistlag som er avvikla, har ein restkapital som dei ynskjer at Bygdelaget skal ivareta inn til vidare, og gje attende dersom Pensjonistlaget vert starta på nytt.

-Kasseraren la fram førebels rekneskapsrapport for Herand Bygdelalag 2015.

**-OPPMODING:** Når nokon handlar på Herand Bygdelag sin konto på Joker Herand Landhandel eller på Coop Jondal, skal gjenparten av kassalappen signerast på, føremålet med handelen skal noterast på, og kassalappen skal leggest i postkassa til Bygdelaget på butikken! Det er fint om postkassa blir brukt til anna korrespondanse med Bygdelaget og.

Skrivar : Marta Bergstø